

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 02.06.2006
Sakbehandlar: Åsmund Norheim
Saka gjeld: **Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF og forslag til instruks for administrerande direktør i helseføretaka i Helse Vest**

Styresak 064/06 B

Styremøte 20.06. 2006

INSTRUKS FOR ADMINISTRERANDE DIREKTØR I HELSE VEST RHF

Bakgrunn

Denne saka blir lagt fram for styret av styreleiar.

Helseføretakslova §29 omhandlar styret sitt tilsyn med dagleg leiar. Det fylgjer av bestemmelsen at styret også kan fastsetje instruks for dagleg leiar.

Gjeldande instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF er fastsett av styret 23. november 2001. Instruksen er vedlagt saka. Også dei øvrige regionale helseføretaka har fastsett instruks for sin administrerande direktør.

Gjeldande instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF er prega av å vere utforma på eit tidleg stadium av helsereforma og før ein hadde vunne erfaring med den nye styringsstrukturen som helseføretakslova la grunnlaget for. Dessutan har det skjedd formelle endringar i styringsstrukturen mellom det regionale helseføretaket og helseførtaka. Dette medfører at gjeldande instruks på konkrete punkt har innhald som er direkte feil og derfor bør endrast. Dette gjeld m.a. punkt 4 i instruksen der det i 4. ledd er uttala at administrerande direktør eller den han peikar ut skal vere styremedlem i helseføretaka som Helse Vest eig. Det same er tilfellet med pkt. 5, avsnitt 6. Her er det lagt til grunn at dei årlege bestillingane frå Helse Vest til helseføretaka skal skje i form av ”årlege avtalar”. Denne styringsmodellen med bestilling i form av avtale er for lengst forlatt til fordel for bruk av årlege styringsdokument, som også inneholder årleg bestilling.

For øvrig er gjeldande instruks i stor grad prega av å innehalda reine sitat frå helseføretakslova og vedtekten for Helse Vest RHF. Instruksen framstår derfor i dag med liten verdi som sjølvstendig dokument utover det som allereie står i helseføretakslova og vedtekten til Helse Vest RHF.

Når det gjeld forslaget til ny instruks, så er denne bygd opp med dei same hovedpunktene som gjeldande instruks. Ein har vidare søkt å tilpasse instruksen den utviklinga som har skjedd i styringsstrukturen innan helseføretaksgruppa sidan helsereforma vart sett i verk. I arbeidet med ny instruks har ein også vurdert tilsvarande instruksar i andre regionale helseføretak. Både Helse Sør RHF og Helse Øst RHF har vedtatt endra instruksar for administrerande direktør etter at helsereforma vart sett i verk.

Dei mest vesentlege endringane som er gjort i forhold til gjeldande instruks er fylgjande:

- Pkt. 2 i gjeldande instruks om "Foretakets formål" er tatt ut. Punktet inneholder kun reine sitat frå vedtekten til Helse Vest RHF og har ingen sjølvstendig verdi utover dette.
- Pkt. 3 i gjeldande instruks om "Overordnet rolleavklaring" er nå blitt supplert med eit avsnitt om at administrerande direktør deltek på styremøta og har tale- og forslagsrett i styremøtet. Det følger av §26 i helseføretakslova at dagleg leiar har rett og plikt til å vere tilstades i styremøtet og med rett til å uttale seg og at han har rett til å krevje at styret blir samankalla.
- I pkt. 4 i gjeldande instruks om "Administrerende direktørs myndighet" er 2.avsnitt, som omtalar avtalane mellom Helse Vest RHF og helseføretaka, tatt ut då dette er forelda, jfr omtalen ovafor.
- Pkt. 5 i gjeldande instruks om administrerande direktør sine oppgaver (pkt.4 i forslaget til ny instruks) er endra på fleire av underpunktene. Den første delen i pkt. 5 er tatt bort fordi den i all hovedsak inneholder reine sitat frå vedtekten og eit avsnitt om årlege avtaler, som er forelda i forhold til styringsstrukturen slik den er i dag. Elles er dei same hovedoppgavene som er lista opp i någjeldande instruks også tatt med i forslaget til ny instruks. Men fleire av punkta er justerte og tilpassa den utviklinga som har skjedd innan styringsstrukturen. Underpunktene 4.7. og 4.8. i ny instruks omhandlar "Kommunikasjon og openheit" og "Personal og organisasjon". Desse underpunktene er nye.

Kommentarer

Instruksen til administrerande direktør i det regionale helseføretaket byggjer på lova om helseføretak og vedtekten for Helse Vest RHF og representerer slik sett ein ytre ramme for administrerande direktør sitt arbeid og ansvar. Instruksen peikar på ansvarsområda og oppgavene til administrerande direktør på eit overordna nivå. Dokumentet omtalar også kort den overordna rolledeelinga mellom styret og administrerande direktør.

Sidan instruksen beskriv ansvar og oppgaver på eit overordna nivå og innafor ei ytre ramme, har den som styrande dokument også sine begrensningar. For det første kan dokumentet ikkje oppfattast som fullstendig eller uttømmande når det gjeld perspektivet på rolla og ansvaret til administrerande direktør i det regionale helseføretaket.

Utgangspunktet når det gjeld administrerande direktør sine oppgaver og ansvar er helseføretakslova § 37. Her er det uttala at :

"Daglig leder forestår den daglige ledelsen av foretaket".

Perspektivet og rekkevidda på dette ansvaret er omfattande. Det omfattar så vel den overordna "sørge for"-rolla ovafor befolkninga i helseregionen som konsernleiarrolla i eigarlinja. Til begge desse rollene knyter det seg omfattande lovverk med ei rekke regelkrav som spenner frå helselovene med pasientrettigheter, kvalitetskrav og systemkrav og over til lovgjevinga om helseføretak og krav til konsernstyring. I tillegg til dette er helseføretaka som verksemder omfatta av forvaltningslova, offentlegheitslova og ikkje minst dei ulovfesta prinsippa i forvaltningsretten om god forvaltningspraksis. Eit så omfattande perspektiv på kva som eigentleg er rammene for den daglege leiinga, er det ikkje mogleg å gi ei tilnærma fullstendig beskriving av innafor ramma av ein instruks.

Ein annan konsekvens av at instruksen er utforma på eit overordna nivå, er at den ikkje kan ta mål av seg til å fange opp alle dei pålegg og styringssignal som blir formidla i eigar- og styringslinja til dei regionale helseføretaka. Dette har samanheng med at instruksen både beskriv oppgaver og ansvar på eit overordna nivå og at instruksen er av statisk karakter.

Det regionale helseføretaket er i styringslinja direkte underlagt Helse- og omsorgsdepartementet og den politiske leiinga der. Styringspålegg blir formidla både gjennom formelle styringsdokument som føretaksprotokollar og bestillardokument, men kan også bli formidla på annan og mindre formalisert måte. Slik løpende styring ligg på eit anna og meir nyansert nivå enn det instruksen til administrerande direktør kan romme. Når det gjeld instruksen, må ein difor begrense seg til å gjere endringar dersom innhaldet i instruksen blir direkte feil p.g.a. endra styringspålegg.

Styreliar meiner at vedlagte forslag til instruks peikar på hovedoppgavene innafor ei ytre ramme og står i rimeleg forhold til det ein kan forvente å omtale i instruks for dagleg leiar i det regionale helseføretaket. Styreliar rår til at styret fastset forslaget som ny instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF.

FORSLAG TIL INSTRUKS FOR ADMINISTRERANDE DIREKTØR I HELSEFØRETAKA I HELSE VEST.

Bakgrunn

Innan helseføretaksgruppa til Helse Vest er det utanom Helse Vest RHF bare styret i Helse Stavanger som pr. idag har fastsett instruks for administrerande direktør.

Det er eit mål at styringsstrukturen innan helseføretaksgruppa er samordna slik at den er lik i linja frå det regionale helseføretaket og ut til dei einskilde helseføretaka og at den er mest mogleg gjennomgående frå departementet og ut til dei regionale helseføretaka med sine respektive helseføretak.

Både helseføretakslova og vedtekten legg til rette for dette. Det same gjer måten ein utøver eigarstyring på med bruk av styringsdokument og bestilling for året.

For å oppnå best mogleg samordning i styringsstrukturen bør instruksen til administrerande direktør i helseføretak byggje på instruksen til administrerande direktør i det regionale helseføretaket.

Styringsdokumentet til helseføretaka for 2006 har i pkt. 4.2 eit punkt om: "Organisatorisk vidareutvikling". Underpunktet 4.2.1. omhandlar "Organisering og ansvarsdeling". I dette underpunktet er mellom anna uttala at styret må sørge for:

"at det blir utarbeidd ein fullmaksstruktur som regulerer og klargjer fullmaksforholdet mellom styret og dagleg leiar utover det som er uttrykt i helseføretakslova og vedtekten".

Det forhold at styret i helseføretaket fastset instruks for sin administrerande direktør er eit ledd i utarbeidinga av ein slik fullmaksstruktur som klargjer forholdet mellom styret og administrerande direktør.

Kommentarer

Det er eit ledd i ein samordna og heilskapeleg styringsstruktur i helseregionen at styra i helseføretaka har fastsett instruks for administrerande direktør og at instruksen er likelydande for helseføretaka. For å oppnå mest mogleg heilskapeleg styringsstruktur bør innhaldet i instruksane byggje på instruksen til administrerande direktør i det regionale helseføretaket. I forslaget til instruks for administrerande direktør i helseføretaka har ein difor berre gjort dei endringane som er nødvendige p.g.a. forskjell i rolle og oppgaver i forhold til administrerande direktør i det regionale helseføretaket.

Apoteka Vest HF har rolle og oppgaver som skil seg noko ut frå helseføretaka. Dette gjeld spesielt pkt. 4.7. i instruksen som omhandlar: "Samarbeid med andre". Deler av dette punktet passar ikkje i forhold til oppgaver Apoteka Vest HF er tildelt og bør difor takat ut i denne instruksen. Den endelege tilpassinga av

instruksen til administrerende direktør i Apoteka Vest HF bør styret og administrerande direktør i Apoteka Vest HF sjølv gjøre.

Forslag til vedtak:

1. Styret fastset vedlagte forslag til instruks som ny instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF gjeldande fra 21.06.06.
2. Styret tilrår at vedlagte forslag til instruks for administrerande direktør i helseføretak blir lagt til grunn når styra i helseføretaka fastset instruks for administrerande direktør.